



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for opplæring**

Møtedato: 31.05.2016

Sak nr.: 16/3757-3
Internt I.nr. 18532/16

Sak: 18/16

Tittel: **Høyring om endringar i opplæringslova og friskulelova**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Hovudutval for opplæring vedtek høyringsfråsegn slik denne kjem fram i saksutgreiinga.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring kom med følgjande tillegg til framlegget frå fylkesdirektøren:

- Utvalet forutsett at rettsikringa til elevane framleis vert godt ivareteke.
- Utvalet meiner det er meir bruk for hjelp og rettleiing til skulane, meir enn tilsyn. Midlane som er sett til auke for fylkesmennene må vurderast tilført skuleeigar, eller i alle fall innrettast mot rettleiing.

Avrøysting:

Fylkesdirektøren sitt framlegg med hovudutvalet for opplæring sitt tillegg vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Hovudutval for opplæring vedtek høyringsfråsegn slik denne kjem fram i saksutgreiinga.
 - Utvalet forutsett at rettsikringa til elevane framleis vert godt ivareteke.
 - Utvalet meiner det er meir bruk for hjelp og rettleiing til skulane, meir enn tilsyn. Midlane som er sett til auke for fylkesmennene må vurderast tilført skuleeigar, eller i alle fall innrettast mot rettleiing.